



Vår ref
2018/4840-2

Saksbeh:
Per Espeland, tlf. 417 00 392

Arkivkode:
L32

Dato:
30.11.2018

Til:

Fra: Per Espeland

Høringsnotat i samband med namnsetting på det gamle fabrikkområdet til Hydro

Fabrikkområdet, der Norsk Hydro regjerte i om lag 80 år, har så langt ikkje fått formelle adresser. Under nedtrappinga og omstillinga på slutten av 1980-talet vart omgrepet Hydro Rjukan Næringspark lansert. Her skulle nye verksemder med eller utan tilknytning til Hydro skaffe folk arbeid til erstatning for dei tradisjonelle industriarbeidsplassane.

Omgrepet Hydro Rjukan Næringsparken, Rjukan Næringspark eller berre Næringsparken er den vanlege nemninga i dag. I dokumenta til arbeidet med Verdensarvstatus vart Hydroparken Rjukan (og Hydroparken Notodden) nytta i stort mún.

Bygningane på fabrikktomta har eigne husnummer, 242, 248, osb. Desse objekta er ein viktig del av industriarven og UNESCOs Verdensarv

Hydroparken er eit godt omgrep som Kommunen gjerne vil nytte i adresseringsprosjektet for dette området. Det omfattar både Verdensarvdelen og ein viktig stad for eksisterande næringsverksemder i området. Her vil nok einsskilte hevde at Rjukan Næringspark og variantar av det er godt innarbeidd i den daglege drifta, men Rådmannen ser det som viktig å ha Hydro med i namnet for å understreke den historiske delen for dette området..

Når det gjeld nummering av bygningane i området meiner Rådmannen det som ei føremon at dei gamle, godt etablerte husnumra blir brukt i adresseringa. Dei som har verksemder i Parken er familiære med dei ulike husnumra, og det bør vega tungt for adressetildelinga i området. Dei mange små veg- og gatestubbar på kryss og tvers gjer ei tradisjonell tilnærming med avstandsnummerering unaturleg og uoversiktleg

I landdistrikt er det tilrådd å ta med gardsnamn/stadnamn i tillegg til veg og vegnummer for å halde tradisjonsrike namn i hevd. For Hydroparken kunne ein med fordel leggje til nemninga på bygget. Ei adresse vil i følgje dette opplegget sjå soleis ut: **Hydroparken Rjukan 282**

Tønnefabrikken. Kommunen har konferert med verdensarvkoordinator Øystein Haugan som i sin tur har vore i kontakt med verdensarvkoordinatoren på Notodden og rådgjevar for kulturarv i Telemark fylkeskommune. Eystein W. Andersen. Han kjem i ein epost med fylgjande melding:

«Når det gjelder de historiske bygg-nr så er vi også opptatt av at disse videreføres og brukes. Det gjøres aktivt av eierne av fabrikkområdene både på Notodden og Rjukan og av oss i forvaltningen. Det er de historiske «adressene» og samtidig også navnene på byggene som har vært brukt siden byggene var nye. Dersom det kommer nye husnr. i tillegg til de gamle vil dette virke forvirrende og være lite formålstjenlig. De etablerte nummerne kommer fortsatt til å bli brukt både av eiere og forvaltning.»

Her er Rådmannen og fagfolk samde om at bruken av dei gamle husnumra er ei fornuftig løysing i dette adresseringsprosjektet.

Hydroparken blir den offisielle nemninga på det gamle fabrikkområdet. Dei godt etablerte husnumra blir nytta i adressene.